

Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 — SEPT. 1977
10. ÅRGANG



På leidar plass: Eit nytt konfirmantår (side 8)

KYRKJELYSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Olausen.

Redaksjonsnemd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær,
Knut Brakstad.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 1.3104445.

Dagens Trykkeri, Bergen.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.

Torsdag kl. 17.30—19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.

Onsdag kl. 10.00—11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Fung. klokkar Severin Hamnøy, Høgatun, Indre Arna.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 24 09 65.

Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00,
og onsdag, fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,
tlf. 24 05 69, kontortid mand.—fred. kl. 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsv. 111a, Indre Arna,
Tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,
tlf. 24 13 10.

DYR NÅDE

Nåde er eit godt ord. *Nåde* vil seia at Gud femner om eit vesalt menneske med velvilje. *Nåde* openberrar Guds kjærleik og Guds miskunn. *Nåde* er ein Guds godhug som ikkje noke menneske har gjort seg fortent til. *Nåden* er ein del av Guds vesen. For Gud er kjærleik. Men *nåden* er inga sjølvsgad sak.

Vreide er eit ord som ikkje har god klang. Men Guds ord talar både om Guds *nåde* og om Guds *vreide*. Dei som gjer opprør mot Gud kjem inn under Guds *vreide*. Opprøret mot Gud er ursynda. Frå dette kjem all anna synd. Gud har stort langmod. Det er likevel ei grense for Guds langmod. Men Guds kjærleik er sterkare enn Guds *vreide*.


Utløysinga i Kristus Jesus er vår einaste von. Synda har sett oss i bunnlaus gjeld andsynes Gud. Vi fortener å vera under Guds *vreide*. Men så hende det store at Jesus kom og kjøpte oss frie. Det har hendt eit *nådens* under. Gud gjekk ein heilag veg. Han gjekk vegen om *utløysinga*

i Kristus Jesus. *Nåden* er så dyr at Jesus måtte døy for våre synder. Men såleis opna Jesus vegen frå Guds *vreide* til Guds *nåde*.

Tru leier til frelse. Ved *tru* på Jesus tek eit menneske imot Guds frelse. Å *tru* er å setja si lit til evangeliet om Guds *nåde* i Jesus Kristus. Du vert frelst ved den *trua* du har på Kristus Jesus. Det er her ikke spørsmål om stor eller lita *tru*. Det avgjerande er at *trua* er retta mot Jesus. Då er det ei *frelsende tru*.

Etterfølging vert resultatet av denne *tru*. For *nåden* er dyr. Difor er *nåden* den mest verdfulle gåve eit menneske kan eiga. *Nåden* er også dyr på ein annan måte. Ein kan ikkje opna rett for evangeliet utan samstundes å veta at ein høyrer Jesus Kristus til. Alle får tilbod om Guds *nåde*. Dette er ein ufortent *nåde*. Saman med *nåden* går ein og inn under imperativet: «Fylg Jesus»!

Finn Halle Tvedt



Inntrykk frå eit stort kontinent

Korleis var det å koma tilbake? Ja, dette spørsmålet har vi i vår familie fått uteljande gonger dei siste vekene. Og alle i familien synest det er vanskeleg å svara på dette. Mange kan synest at dette er rart, men det kan ha fleire årsaker. For det første dette at vi fann oss så godt til rette. Vi budde bra, det gjekk bra på skolane. Vifekk mange gode vener og ikkje minst, arbeidet i sjømannsmisjonen var uhyre meningsfylt og givande. Og her var meir eller mindre heile familien med til sine tider. Kvar søndag så og seia, bar det til sjømannskyrkja i Philadelphia til samling om Ord og Sakrament. Her har vi mange fine minne å hugsa tilbake på.

Det er ei minnerik og tradisjonsrik kyrkje midt i sentrum av denne historiske «broderkjærlyhetens by», Philadelphia. For underskrivne,

som hadde sitt daglege arbeid i denne bygninga og i hamna til denne byen, var det ei uvanleg rik tid. Vi fire som arbeidde der, fekk eit inderleg og nødvendig fellesskap som var rikt og givande. I den åndskampen som vi var oppe i kvar einaste dag, var andaktsstunda som vi begynte dagen med, eit vere eller ikkje vere for heile verksmda vår. Slik trur eg det er på alle sjømannskyrkjene rundt om i verda, ialt 32 stykke.

Kva opplevde vi så? Til å svara på det treng eg nok mange, mange fleire sider enn dette kyrkjelydsbladet kan gi meg. Men noe av det kan ein vel prøve på. Først og fremst var det mangfeldet og variasjonen i arbeidet på hamna og ombord i båtane. Her møtte ein menneske —

Forts. neste side

heilt vanlege menneske som har eit heilt uvanleg yrke. Vi møtte ei takksemnd som det er lenge sidan — eller i alle høve lenge mellom kvar gong ein møter i det yrket eg har her heime. Bare dette at vi kom ombord med aviser, filmar og bokkassar var jo i dei aller fleste høve nok til at smilen kom fram. Men så var det «godpraten» over ein kaffikopp. Her kunne dei få snakke med ein som kom «utanfrå». Eit andlet som dei ikkje hadde sett dei siste timane. A få komme med suter og gleder. Det kunne gjelde huset heime, det kunne gjelde barna, ektefellen eller kva som helst. Praten gjekk. Vi hadde som oftast altfor liten tid ombord.

Men ein fekk tru for at det vesle hjalp mange i mange høve. Så var det å sette seg i det amerikanske «gliset» og farte vidare — for utan bil kjem ein ikkje langt i dette landet.

Trafikken, vegane og bilane krev ein heil liten epistel for seg. Det må bare opplevast — elles blir ein bare mistenkt for det vidgjetne norsk-amerikanske skrytet. Til vanleg kunne ein sitte mellom fire og seks timar i bilen for å nå det ein skulle. Inni mellom båtbesøka var det alle ærenda ein skulle gjere for sjøfolka.

Klokkar skulle reparerast, filmar skulle fremkallast, eller ein skulle kjøpa alt frå klede til motordelar for sjøfolka som ikkje kom seg i land sjøle. Så hadde ein kveldane på lese rommet med dei ulike aktivitetar vi hadde der, med andaktstunda og samtaler om liv og død, kristendom og verdslege høve, kvifor det er slik, vitnemålet som ein fekk gi. Jau, her kom ein inn på sjela til sine tider. Vi

merka kampen kvar einaste dag. Storleiken med dette arbeidet er nettopp dette at rundt om på sjømannskirkene våre kjem der folk som elles aldri kjem i kontakt med Guds Ord. Her fekk vi som var ute sjå og oppleve kva for eit enormt arbeid våre trufaste foreiningar heime utfører i det stille, år ut og år inn. Slikt får ein respekt for!

Så fekk vi høve til å dra rundt om i dette veldige landet og sjå og oppleve menneske og stader. Vi er uendeleg takksame for at akkurat vi skulle få høve til dette. Vi fekk sjå stader der våre forfedre hadde slått seg ned, kor dei hadde slite og strevd, og nå låg landet der rikt og fruktbart. Eit rikt og stort land med både godt og vondt i. Veldige avstander med massevis av menneske. Vi fekk innblikk i amerikansk kyrkjeliv og kyrkjelydsarbeid, som på mange måter er heilt ulikt det vi er vant til her heime. Vi fekk sjå og oppleve kyrkjesamfunn der Anden er verksam, der menneske blir omvende til Gud. På godt og vondt var det ei rik oppleving som vi på ingen måte ville vere forutan. Var det då bare solskinn, vil mange spørre. Sjølsagt var det ikkje det. Vi såg mykje naud og elendigheit, dei sosiale tilhøve var ikkje slik som her hos oss, men dei tek til å komme etter på det og etterkvart. Med så mange millionar menneske, er det vanskeleg å unngå at noen lid naud.

Så er vi heime og må prøve og omstille oss til norske tilhøve, og ikkje minst norske prisar. Det må gå det og.

T. H. Klepppestø

70-årenes utfordring i Norge for Kirkens Nødhjelp

NØDHJELP 77 er en landsomfattende bank-på-aksjon søndag 30. oktober. Etter søknad til NRK har Kirkens Nødhjelp i år fått tildelt landsaksjonen der Norsk Rikskringkasting stiller hele sitt apparat til rådighet. Kirkens Nødhjelp har på denne måten fått en enestående anledning både til saklig informasjon om sitt arbeide og til innsamling av et betydelig beløp.

NØDHJELP 77 vil som nevnt bli lagt opp som en dør-til-dør aksjon med det mål å besøke samtlige norske husstander søndag den 30. oktober. Hele aksjonen vil bli kontinuerlig fulgt opp med dekning i TV, der vi har muligheter både for lokal-sendinger fra en del steder i landet og studiosending fra Oslo. Da Kirkens Nødhjelp ble tildelt denne aksjonen sist høst, vedtok styret å etablere et eget aksjonssekretariat. Som aksjonsleder fungerer Svein Tornås, hvis hovedansvar er å legge opp aksjonen etter de retningslinjer som styret i Kirkens Nødhjelp har vedtatt.

Som innsamlingsleder er ansatt tidligere stiftskapellan i Borg bispedømme, Jan Otto Kvalheim. Hans hovedoppgave er å arbeide med etableringen av lokale aksjonskomiteer i norske menigheter.

Som sekretær for NØDHJELP 77 er ansatt Ingvild Myhren, som tidligere var leder for transportkontoret i Kirkens Nødhjelp. Disse tre



Nødhjelp 77

KIRKENS NØDHJELP'S
INNSAMLINGSAKSJON
SØNDAG 30. OKTOBER

har siden februar arbeidet på full tid for å forberede og legge opp aksjonen.

Massemedia

Et vellykket innsamlingsresultat på aksjonsdagen er ikke minst avhengig av en saklig informasjon i tiden før 30. oktober. Det er satsset på en bred strøm av artikler, fotos og annen informasjon til ukeblader, dagsaviser, fagtidsskrifter, radio og fjernsyn.

Freelance-journalistene Fredrik Schjander og Hans Fr. Stenland besøkte i mai prosjektområdene i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Schjander besøkte India, Thailand og Sudan, mens Stenland har vært på et lengre besøk i Guatemala.

Samtidig har Arne Fjortoft med filmteam vært i Asia for å lage programinnslag til Fjernsynet fra våre prosjekter. Det vil i fjernsynsprogrammene bli poengtert at Kirkens Nødhjelp, som fortsatt i manges øyne er en ren katastrofeorganisasjon, legger stadig større vekt på langtidsprosjektene. Fjortoft vil senere besøke Guatemala og Sudan.

Aksjonskomiteer

Det har vært naturlig for Kirkens Nødhjelp å bygge opp aksjonen etter Den norske kirke's struktur, — og pr. 15. juli er det etablert 1250 lokale aksjonskomiteer rundt omkring i landet, der også frimenighetene er representert. Vi har idag en dekningsgrad på 96% og regner med å ligge nær 100 i løpet av kort tid. De lokale aksjonskomiteer skal forberede dør-til-dør aksjonen i sitt menighetsdistrikt. De har en rekke arbeidsoppgaver i tiden fram til aksjonen, så som å dele inn menigheten i roder, vurdere størrelsen av besøkskorpset m.m. Opptelling og innrapportering av innsamlede beløp på aksjonsdagen vil primært foregå i norske sparebanker. Sparebankforeringen i Norge har velvilligst sendt brev til alle sine 1350 medlemmer, der de anbefaler aksjonen.

Innrapportering vil kontinuerlig foregå via fylkessentraler til Oslo slik at det norske folk gjennom radio og fjernsyn kan holdes løpende informert om innsamlingsresultatet.

Et godt innsamlingsresultat under NØDHJELP 77 vil gjøre det mulig

for Kirkens Nødhjelp å holde i gang og å utvide eksisterende prosjekter. Det kan også komme på tale å engasjere organisasjonen i nye programmer. Samtidig er det godt å kunne ha en reserve å ta av ved påkommende katastrofetilfeller som vi dessverre må regne med.

En regner med å trenge 90 — 100.000 besøkere for å gjennomføre en dør-til-dør aksjon søndag 30. oktober.

Hvis du over sommerferien blir bedt om å stille deg til disposisjon som besøker, — så gå inn i utfordringen. Med et godt resultat kan vi nå enda flere.

Mange spør hvilket resultat vi sikter mot. Vi har foreløpig antydning at med den pris- og lønnsutvikling som finner sted i Norge, er det realistisk hvertfall å sikte på et resultat tilsvarende det Flyktning 74 ga, nemlig 25 millioner kroner.

Dersom aksjonen fungerer i alle sine ledd, like fra sentralt hold og ned til den enkelte aksjonskomité, kan beløpet bli enda større.

LYKKE TIL!

Er det nokon som melder seg?

Kyrkjelydshuset i Ytre Arna treng folk til dugnadsinnsats. No er nemleg snekkarane stort sett ferdige med sitt arbeid, og det som no må gjerast før huset kan takast i bruk, er sparkling, pussing, maling og legging av golvbelegg.

Dersom vi skal få endane til å møtast utan å stifte for stor gjeld,

må der dugnadsinnsats til.

Kanskje nokon kunne tenkje seg å spandere ein frilaurdag (eller fleire) til innsats?

Vil nokon helst ha utarbeid med jord og stein og slikt, kan vi også skaffe dei arbeid.

Interesserte kan melde seg til Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna, tlf.: 24 13 10.

Eit nytt konfirmantår

Eit nytt skuleår har tatt til. For dei fleste 8. klassingane er det ikkje berre nytt skuleår, det er også konfirmantår. Dei skal «gå for presten». Uttrykket skriv seg frå den tid då presten stort sett var åleine om konfirmantarbeidet. I dag er det ikkje slik lenger — ikkje i dei store kyrkjelydane der talet på konfirmantar gjerne er 2- eller 300 om året.

Fleire er engasjerte i konfirmantarbeidet: prest, kateket, ungdomsarbeidar, lærar, diakon o.s.b.

Kvifor konfirmantførebuing?
Nokre vil meine at det må vere nok med kristendomsundervisninga i skulen. Ein del vil endå seie at det er for mykje kristendom som det alt er. Andre hevdar: både kristendomsundervisninga i skulen og konfirmantførebuinga treng fornying og styrking.

Meiningane er ulike. Sikkert her i Arna og. Det kjem an på verdysyn, og korleis ein prioriterer i livet.

Her skal vi ikkje diskutere verdiar og livssyn, men streke under kyrkja si målsetjing med konfirmantførebuinga. Kva vil vi med dette året, kva vil vi bruke det til? Det har både konfirmantane og foreldre rett på å få vita alt frå første dag.

Utgangspunktet er dåpen, for konfirmantane, men også for kyrkjelyden og foreldra. Her svara vi ikkje berre ja på spørsmålet om vi ville at barnet vårt skulle bli døypt. Her svara vi også ja då vi blei spurde om vi ville at barnet skulle oppdragast i den kristne forsaking og tru. Det var ikkje presten, men Gud vi gav denne lovnad, og Gud minnest det vi sa. Det som hende i dåpen, fører oss fram

mot det som skal gå føre seg i konfirmantåret.

Vi vil formidle kristen kunnskap, men ikkje berre det. Kanskje er det heller ikkje det viktigaste for oss. Målet er meire å gje liv og mening til den kunnskapen dei unge alt har fått, hjelpe dei til å sjå kristendomen frå innsida, oppleve kristendom på nært hald og i praksis. Men skal det skje, må dei først inn i eit kristent fellesskap og oppleve eit kristent miljø i funksjon.


Det er eit stort mål å setje seg. Vi som har vore konfirmantlærarar ei tid, har mangan ein gong opplevt at vi kom til kort. Vi vil sikkert gjere det i år og. Men målet vil vi ikkje tape av synet. Vi ynskjer å påverke dei unge til personleg tru på Jesus Kristus.

Vi bed om foreldra og kyrkjelyden si tilslutning og hjelp!

Korleis kan foreldra hjelpe til, då? Vi veit godt at ikkje alle foreldre sjølve har ei personleg kristen tru. Likevel kan dei gjere noko om dei vil. I første rekkje dette at dei stiller seg positive og syner interesse for det som går for seg gjennom konfirmantåret. Vis konfirmanten at de tar denne tida alvorleg, tel dei til å gå til dei ordinære gudstenestene som vi bed dei vere med på! Oppmuntra dei til å gå i den kristne ungdomsklubben og møte opp i kyrkja ved ungdomsgudstenestene! Alt dette er nemleg ein viktig del av konfirmantåret.

Ved gudstenesta ville vi også setje pris på at foreldra møtte opp. Vi har

Forts. neste side



MAGNE SONGSTAD VIGSLA

Søndag 21. august vart den nye diakonklokkaren vår, Magne Song-

stad, vigsla til tenesta av domprost Hans Høivik.

For dei mange som var møtte fram i kyrkja, var vigsléhøgtida ei oppleving. I talen sin til ordinanden, minna mellom anna domprosten om at Gud som har kalla oss også er trufast.

meire tru på eksemplets makt enn på formaningsstalar. Dei unge legg ofte meir merke til kva vi gjer og korleis vi er, enn det vi seier. Og er ikkje det rett av dei?

Kva ventar vi så av dykk som er konfirmantar? Ikkje noko bestemt anna enn at de syner alminneleg folkeskikk, møter til samværa til fastsett tid, og rettar dykk etter som konfirmantlæraren seier. Kyrkja krev ikkje av konfirmanten at han skal koma med bestemte motiv. Om vi ikkje set like mykje pris på alle motiv, er likevel alle like velkomne.

Det viktigaste for oss er ikkje kva føresetnader dei forskjellige er komne hit til konfirmantførebuinga med, men kva vi kan få gjort denne tida til — i fellesskap.

Guds truskap — eit godt perspektiv å starte si teneste under. Og ikkje mindre godt å få halde fram i tenesta under same perspektiv!

Etter gudstenesta var det festleg samvær på «Arnastova». Det vanka mange gode ord og helsingar til Magne Songstad og kona hans Ingjerd Solveig.

Vi vil gjerne her slutte oss til dei gode ynskje og helse vel møtt til samfunn og samarbeid.

Gud signe dykkar teneste i kyrkjelyden og mellom folket her i Arna.

I Fykse

Red.

Familieside



ARNA SOKN

Døpte:

- 28-05 Christian Andersson, Karl Henrik Felde, Kjetil Hansen, Thomas Holmefjord Jakobsen, Rolf Andre Minde, Lisbeth Holstad, Jannicke Juvik.
05-06 Jan-Morten Fjellanger Singh, Kim Andre Klæbo, Marit Elisabeth Knudsen, Cecilie Thornquist.
11-06 Wiggo Haugsvær, Agathe Blom Dahl.
19-06 Dag Haagen Nesse, Anne Margrethe Foust.
25-06 Sissel Arnesen.
26-06 Leif Vidar Skulstad, Paal Bøe, Lars Rune Sæterdal, Svein Are Hollekve.
10-07 Frode Thunes.
16-07 Bjarte Petersen, Lars Osvald Hals, Aleksander Askeland, Johnny Trefall.
07-08 Tore Angelskår, Kjell Age Stoveland, Finn Harald Tvedt.
13-08 Lars Olve Hesjedal.
21-08 Øyvind Sætrevik, Cato Skulstad.
27-08 Allan Stavenes, Marian Moldekleiv, Silje Helle Sørensen, Wibeche Berge, Elisabeth Hundhammer Hansen, Veronika Yvonne Gjerde, Hilde Heggernes.

Ektevigde:

- 28-05 Bård Brudvik og Elin Johansen.
11-06 Eirik Indrearne og Gunn Reidun Fjelde.
25-06 Gunnar Espeland og Grethe Morken, John Kaare Dahle og Lise Jannike Haukås.
02-07 Victor Georg Grønstad og Liv Sleen.
16-07 Henrik Hallaråker og Ella Marie Økland.
13-08 Tor Vindheim og Kjersti Grindheim.
27-08 Harald Anders Sundland og Ragna Tjønn.

Avlidne:

- 19-05 Johannes Martinius Midtun.
28-05 Arthur Faugstad.

- 06-06 Herbert Toft.
17-06 Leif Magne Trengereid
24-06 Anders Brunborg.
19-07 Helene Charlotte Dimmen Schive.
28-06 Arvid Hansen.
02-07 Jens Hovland.

- 20-07 Karl Knudsen Svendheim.
27-07 Sigrid Tjøtta.
01-08 Sigrid Tveiterås.
02-08 Dag Johan Johannessen.
21-08 Elisabeth Kristine Landaas.

YTRE ARNA SOKN

Døpte:

- 11-06 Trond Arne Garnes (Arna).
12-06 Stian Lavik (Haakonsvern).
19-06 Renate Langhelle.
03-07 Anne Lene Kvam, Line Tveiterås, Gry Nesheim, Benedikte Fosse.
17-07 Anders Prestegård.
23-07 Aina Andreassen.
31-07 Silje Vedå Eliassen.
14-08 Lars Johan Møller-Holst.

Vigde:

- 18-06 Bjørn Janson og Einy Rita Thunes.
02-07 Geir Nøkling og Inger Elisabeth Mohn, Fred Ove Kalsås og Else Karin Brekkhus.
09-07 Svein Valstad og Liv Tove Dale.
23-07 Johnny Bareksten og Ingrid Eikerol.
13-08 Helge Vågen og Konny Anita Dale, Hans Markus Gjennestad og Lillian Kleppe.

Avlidne:

- 13-08 Agnes Hirth, f. 1920.

Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

Ny redaktør for kyrkjelydsbladet

Etter å ha hatt ansvaret for kyrkjelydsbladet i ca. 3,5 år, kjenner eg no trong for avløyning. Nokon journalistisk bakgrunn hadde eg ikkje då eg tok til med dette arbeidet, og det har då også bladet bore preg av.

Men ellers har eg hatt gode og trufaste medarbeidarar som eg har lyst å takke for innsatsen — og for hjelpa. I skrivande stund er det ikkje på det reine kven som blir ny redaktør, men eg vonar det vil avklåra seg snart, slik at neste nummer kan kome ut i siste halvpart av oktober slik som planlagt.

Ingvar Fykse

EIT LITE DIKT

*Alt som tonar i sjæla di,
alt du iverda her finn
Det er ei gåve frå Herren din,
og ingen ting her er forbi.*

*Døden er ikkje det siste,
døden er vinning og sei'r
Du gjeng berre inn ei anna dør,
og synda di er ikkje meir.*

*Jesus hev gjort opp din rekneskap,
då han på korset døydde for deg.
Du treng berre synda erkjenna og
sjå,
at nåden er nok åt deg!*

M. R. Trengereid

Møteprogram Arna Unge Hjem høsten 1977

Onsdag 5. oktober kl. 20.00 — Adnamarka skole, emne: Oppdragelse — eller ikke? v/lektor Einar Teigland.
Onsdag 2. november kl. 20.00 —

Adnamarka skole, emne: Misjonsarbeid ute og hjemme. v/pastor Emil Kreunen.

Søndag 4. desember kl. 16.30 — Adnamarka skole, Fø-julsfest for familien. v/Unge Hjems Komité.
Unge Hjems Komité

Sunnhordland Folkehøgskule

5455 Halsnøy kloster
Tlf. Sæbøvik 27

Nytt årskurs frå 29. august.
Praktiske og teoretiske kurs.
Stipend og lån frå Staten.
Skuleplan fritt.
Skriv eller ring!

Sigurd Sandvik

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

« F O K U S » Espeland

Lone Handel A/S

Hele bygdas lavprisbutikk.

Manuell kjøttvareavdeling
med nye knalltilbud hver uke.
(Middagspølse i metervis.)

På sykkel, bil eller buss, ikke stuss, legg turen direkte til «Fokus».

OBS. Torsdag åpent til kl. 19.00.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 232050

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45



-De trenger en rådgiver i forsikring

— Assurandør Olav A. Hovden —
Gir Dem bistand med et fornuftig og
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

Storebrand·Idun

FOR SIKKERHETS SKYLD

Postboks 17 — 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA VARESA LG A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.
Velkommen til en hyggelig prat
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET



LIVSFORSIKRINGSSKAPET

VESTA HYGEA

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

Velkommen til kyrkje ✠

Preikeliste for Arna

- 18-09 Arna: Søndagsskulens dag. Familiegudsteneste ved sokneprest Tvedt. Offer til Bergens søndagsskulekrins.
Ytre Arna: Søndagsskulens dag. Familiegudsteneste ved res.kap. Fykse. Offer til Arna søndagsskulelag.
- 25-09 Arna: Sokneprest Tvedt. Presentasjon av konfirmantane. Offer til Arna sokneråd. Barnevakt.
Kl. 19.00: koralkveld. Medv. domorganist M. Mangersnes.
- 02-10 Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Norges Kr. Student- og skuleungdomslag. Barnevakt.
Kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste. Arna Ten Sing.
Ytre Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Offer til Norsk Lærerakademi.
- 09-10 Arna : Sokneprest Tvedt. Offer til Diakonatotet i Arna/høyreanlegget Arna kyrkje. Barnevakt.
Ytre Arna: Kl. 19.00: Res.kap. Fykse. Presentasjon av konfirmantane. Kyrkjekaffi for konfirmantforeldre. Offer til soknerådet.
- 16-10 Arna : Res.kap. Fykse. Barnevakt.
Trengereid: Sokneprest Tvedt. Nattverd.
- 23-10 Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Barnevakt. Soknerådsval.
Ytre Arna: Res.kap. Fykse. Soknerådsval.
- 30-10 Arna: Res.kap. Fykse. Offer til Den Indre Sjømannsmisjon/Samemisjonen. Barnevakt.
Ytre Arna: Sokneprest Tvedt.
- 06-11 Arna: Sokneprest Tvedt. Nattverd. Barnevakt.
Kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste.
Ytre Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd.
Takvam kapell: Kl. 16.00: Sokneprest Tvedt.